



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 20.04.2017
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09.00 - 12.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	Ugild sak 019, ikkje vara i saka
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	Meld forfall
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	Forfall, vara innkalla

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Varamedlem	Vara fo S.M. Nordaas

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingssjef	Administrasjon	Sak 018 og 024
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
015/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/2017	Godkjenning av møtebok
017/2017	Orienteringssaker
018/2017	Framlegging av mulighetsstudie Trohaug - nybrua
019/2017	Omtvista krav frå Modalen Kraftlag til Modalen kommune
020/2017	Val av representantar frå Modalen kommune til styre i BKK sitt Viltfond
021/2017	Val av røystestyre for 2017 - 2019
022/2017	Brannsamarbeid mellom kommunane Lindås, Meland og Modalen
023/2017	Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg,samt regulering av feiegebyr i Modalen komune - Høyring
024/2017	Sandindustriutstilling Modalen.

Notat frå møtet:

Grunna fofall på kort varsel var det berre 12 medlemar til stades undfer møtet. Ved behandling av sak 019 var det 11 medlemar til stades.

015/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Ordfører orienterte om at protokollert behandling og vedtak i saker som vart handsama i formannskapet den 28.03. , ikkje var kome med i utsendt innkalling til Kommunestyre. Protokoll frå dette formannskapsmøte vart derfor delt ut ved oppstart av møte.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

016/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

017/2017: Orienteringssaker

Behandling:

Rekruttering av ny rådmann

Ordfører orienterte om prosessen som er i gong.

Turstiar - avtale med grunneigarar

Liv Anne Aanesen stilte spørsmål til ordfører om kva som var føljt opp i denne saka.

Ordfører svarte; det er ikkje inngått avtale med grunneigarar

Flytebryggje - opprusting, bruk av konsesjonsmidlar

Liv Anne Aanesen stilte spørsmål til status for prosjektet.

Ordfører svarte; Finansieringa er ikkje på plass slik det vart omsøkt. Oppfølging av saka vert drøfta nærmare av formannskapet.

Opprusting/utebetring av Fv 569 Mo-Romarheim

Sigmund Vikane stilte spørsmål til kva som skjer av oppfølging etter kommunen sine innspel.

Ordfører svarte; Innspela er vurdert av Statens Vegvesen, men NHL pakka er ikkje vedteken enno.

Orientering om status for busetting av flyktningar

Sigmund Vikane ba om at det vart gjeve ei orientering til kommunestyret i komande møte.

Ordførar/rådmann føl opp dette til møte i juni

Opprusting/utbetring av Fylkesvegen oppover Modalen

Håvard Engeseth stilte spørsmål til kva som vert gjort for å få vølt vegen - holer og asfalt

Ordførar svarte; orienterte om sin kontakt med Statens Vegvesen om saka, men det føreligg ikkje større konkrete tiltak

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

018/2017: Framlegging av mulighetsstudie Trohaug - nybrua

Behandling:

Tone innleia og presenterte konsulentane frå Forum arkitektar: Anne Carlsen og Steinar Barmen

Barmen og Carlsen orienterte om kva vurderingar som er utført i høve:

Tekniske undersøkingar - må følgjast opp med nærmare undersøkingar ved utarbeiding av reguleringsplan

Sol og skygge i område ved vår- og haustjamndøger

Situasjonsplan og terrengsnitt

Bustadfelt - utforming og plassering med to byggjesteg

Vegar, med parkering også til turområde

Miljøperspektiv, leikeareal, turområde

Renseanlegg

Infrastruktur og investeringar

Avstand til Mo sentrum

Kostnadskalkyle - totalt omkring kr 26 mill

Det vart vidare orientert om mulige alternativ for vidareutvikling / fortetting og bruk av eksisterande utbyggingsareal og infrastruktur i Modalen

Vidare oppfølging på kort og lengre sikt vart deretter døfta

Presentasjon i møte vil verte sendt kommunestyret pr. epost.

Vedtak:

Kommunestyret tek orienteringa til vitande

Formannskapet drøftar ei vidare oppfølging av saka og legg fram si tilråding for kommunestyret.

019/2017: Omtvista krav frå Modalen Kraftlag til Modalen kommune

Behandling:

Val av setteordførar

Ordførar er ugild i saka. Varaordførar hadde forfall til møte.

Ordførar leia møte til setteordførar vart vald.

Linda Neset: føreslo Kjetil Eikefet

Kjetil Eikefet vart samsrøystes vald og tok sete som møteleiar i saka.

Habilitet:

Ordførar gjekk frå under handsaming av saka då han var ugild grunna at han er gift med styreleiar i Modalen kraftlag, Fvl § 6 c.

Sigmund Vikan ba opplyst om kva vurderingar som var gjort av habilitet for andre medlemar i formannskapet.

Rådmannen orienterte om kva som er vurdert og konkludert ved tidlegare handsamingar av saka.

Setteordførar las innleiingsvis opp formannskapet sitt vedtak i saka og gav ei kort oppsummering av formannskapet si handsaming/vurdering.

Rådmannen orienterte om sine refleksjonar og vurderingar i høve handsaming og ulike roller i ved politisk handsaming av denne saka. Rådmannen orienterte også om kva kommunen har iverksett av tiltak ved utleige av lokale i industribygget.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune ser seg tent med å avslutte saka med Modalen kraftlag. Det vert vedteke å betale heile beløpet. I det vidare samarbeidet ser ein det som naudsynt å innarbeide klare rutinar når det gjeld ansvarforholdet mellom partane.

020/2017: Val av representantar frå Modalen kommune til styre i BKK sitt Viltfond

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Kommunestyret vel følgjande representantar frå Modalen kommune til styret i BKK sitt Viltfond

Linda Neset, medlem

Torbjørn Aas, varamedlem

021/2017: Val av røystestyre for 2017 - 2019

Behandling:

Ordførar orienterte om at Gunnhild Steinsland har bede seg friteken. Nytt framlegg til medlem Bjørn Helge Venås

Samrøystes

Vedtak:

Medlemer til Røystestyre, Øvre Helland 2017 -2019

Medlem: Aud Sonja Fjellanger, leiar

Medlem: Siv Aina Gullbrå, nestleiar

Medlem: Aslaug Farestveit

Medlem: Bjørn Helge Venås

Medlemer til Røystestyre, Mo 2017 - 2019

Medlem: Signy Vikane, leiar

Medlem: Ove Eidsnes, nestleiar

Medlem: Steinar Nordås

Medlem: Jarle Midtun

022/2017: Brannsamarbeid mellom kommunane Lindås, Meland og Modalen

Behandling:

Rådmann orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommunestyre vedtek å ta del i felles samarbeid om brannvern og beredskap for kommunane Lindås, Meland og Modalen med verknad frå 01.05.17.

Brannordninga er organisert som vertskommunesamarbeid utan nemnd etter Kommunelova § 28b, der Lindås er vertskommune.

Vilkåra som framkjem av vedlagt *Samarbeidsavtale og Brannordning* for kommunane vert lagt til grunn, der mellom anna slike økonomiske vilkår er særskilt avtalt for Modalen kommune:

- Modalen kommune skal betale eit årleg grunnbeløp – stort kr 600.000. Grunnbeløpet skal indeksregulerast pr. 1.5. - første gong i 2018 - tilsvarande fastsett samla pris- og kostnadsvekst (kostnadsdeflator) i statsbudsjettet.
- Modalen kommune skal betale ein andel av årleg driftsbudsjett utrekna etter folketalet i kommunane (Modalen sin andel -1.6%). For 2017 utgjer dette ca. kr 315.000.
- Modalen kommune betalar inn ei ekstra årleg innbetaling for åra 2017, 2018 og 2019 (fast stor kr 200.000.- pr år). Dette skal dekkja avvik i forhold til «Rein brannmann» og avvik i forhold til kompetanse og utstyrsbehov forankra i lokal ROS.
- Mannskapa i Modalen har høgare sats for personsøkjar-tillegget enn mannskapa i Lindås og Meland. Denne differansen vert dekkja av Modalen kommune som ekstra bevilgning.
- Modalen kommune kostar utbetring av stasjonen på Mo og inngår leigeavtale med vertskommunen om dette.
- Modalen kommune må sjølv betale kostnader for å oppretthalde drifta av branngarasje/depot på Øvre Helland, men bruk av anlegg/utstyr vil inngå i samarbeidet.
- Bilar og utstyr som Modalen eig skal vere med inn i samarbeidet. Drift/vedlikehald vert ivareteke av samarbeidet. Modalen kommune står framleis som eigar av sine bilar og dei vert derfor ikkje omregistrert. Ved eventuell retrett (oppseiing) frå avtalen vil bilane og utstyret tilhøyre Modalen kommune. Ved seinare trong til utskifting av bilar vil dette verte gjort gjennom samarbeidet.
- Inkludert i avtalen er kostnader til TETRA, 110 og IUA. Kostnader til Sivilforsvarets sitt lager blir halde utanfor (gjeld også for Lindås og Meland).

Modalen kommunestyre delegerer til Brannsjefen i samarbeidet (Rådmannen i Lindås kommune) alle oppgåver med beredskap og feiing som er heimla i brannlova med tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

Brannsjefen skal også ivareta og utøve det brannfaglege mynde på vegne av Modalen kommune i følgjande samarbeidsorgan:

- Avtale mellom kommunane Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund om samarbeid for å utføre lovpålagt feiing og tilsyn med fyringsanlegg i desse 4 kommunane.
 - Avtale for samarbeid om ei felles førebyggjande avdeling innan brannvern for kommunane Lindås, Meland, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Radøy, Solund, Modalen og Fedje.
-

023/2017: Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg,samt regulering av feiegebyr i Modalen komune - Høyring

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om saka.

Samrøystes

Vedtak:

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Modalen kommune, vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

024/2017: Sandindustriutstilling Modalen.

Behandling:

Kultur og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte om bakgrunn og planar.

Kommunestyret er positiv til at det i ein fase to vert føreteke intervju og seinare laga ei bok om temaet.

Vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 50 000,- frå næringsfondet i arbeidet med å etablere ei permanent utstilling gjennom bilete og tekst i Bryggjeslottet som syner utviklinga i kommunen si sandindustrihistorie.
